



Statsforvaltaren i Vestland

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår dato: 29.11.2024
Vår ref: 2019/1971

Dykkar dato: 23.10.2024
Dykkar ref: 200900615

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om forlenga byggjefrist for Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk i Luster kommune

Kunnskapsgrunnlaget for Illvatn pumpekraftverk er av eldre dato og kan ikkje utan vidare leggjast til grunn for vurdering av konsekvensane av utbygginga. For eit såpass arealkrevjande anlegg som dette bør kunnskapsgrunnlaget oppdaterast mot seinare års revisjonar av rettleiar og overgang til ny metodikk innan naturkartlegging.

Vi viser til høyringa av søknad om forlenga byggjefrist for Illvatnet pumpekraftverk og Øyane kraftverk.

Bakgrunn

Hydro Energi AS har søkt om løyve å forlengje byggjefristen for Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk med fem år, slik det er opna for i vilkårsport nr. 4 i vassdragskonsesjonen. NVE ønskjer tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold sidan sakene blei handsama i 2020.

Statsforvaltaren er særleg bedt om å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Våre merknader

Konsekvensutgreiinga for dei to kraftverka er basert på feltkartlegging frå før 2010, og kunnskapsgrunnlaget bør sjekkast opp mot seinare års revisjonar av rettleiar og overgang til ny metodikk innan naturkartlegging.

Det er mellom anna laga ei konsekvensutgreiing (i søknaden om planendring) der ein har prøvd å overføre data frå kartlegginga i 2010 til metodikken i rettleiar M-1941 frå Miljødirektoratet. I rettleiaren er verdivurdering av til dømes naturtypelokalitetar knytt til lokalitetskvalitet, noko det ikkje er mogleg å trekke ut frå data publisert i 2010. På same måte er påverknad mellom anna knytt til kor stor del av arealet som blir påverka, og dette let seg heller ikkje vurdere dersom ein ikkje har eit areal av den aktuelle naturtypelokaliteten som utgangspunkt. Når ein dermed ikkje har eit godt nok grunnlag til å vurdere verken verdi eller påverknad på dei enkelte førekommstane, kan ein heller ikkje gi ei tilstrekkeleg god vurdering av konsekvens. Vi stussar da også på ein del av vurderingane i KUen, men det mangelfulle kunnskapsgrunnlaget gjer det ikkje mogleg å gå meir i detalj.



I høyringsfråsegna vår til endringssøknaden for Illvatnet pumpekraftverk, påpeika vi at nye villreindata viser at området ved Illvatnet er viktigare enn det som blei vurdert i konsesjonsprosessen. Fagnotatet for villrein i fornyingssøknaden for Fortun-Grandfasta-reguleringa ser ut til å ha fanga opp dei nye registreringane ved Illvatnet. Det er viktig at kunnskapsgrunnlaget om villrein er oppdatert i saka, og at villreinnemnda er involvert i høyringa.

Tiltaksområdet for Illvatnet kraftverk ligg i høgfjellsnatur, tett på Breheimen nasjonalpark, og er innfallsport til nasjonalparken. Det er fleire viktige naturtypar i området som vil bli påverka av planlagde nye inngrepssareal, mellom anna snøleie (sårbar -VU) på raudlista. Vi vil understreke at området er mangefullt kartlagt i høve til ny metodikk for naturkartlegging og vurdering av konsekvensar, særleg sett i høve til omfanget av utbyggingsplanane.

Når det gjeld Øyane kraftverk, så vil det vere relevant å sjå på rapportar/vurderingar i faggrunnlaget for fornyingssøknaden for Fortun-Grandfasta-reguleringane. Det er òg gjennomført ein del fiskeundersøkingar dei seinare åra, og vi reknar med at Hydro Energi kan oppdatere dykk på kva som har skjedd på dette området sidan konsesjonsvedtaket.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Luster kommune
Vestland fylkeskommune
Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Postboks 77 6866 GAUPNE
Postboks 7900 5020 BERGEN